



Saksutskrift

Arkivsak-dok. 15/01268-12
Arkivkode. 020
Saksbehandler Einar Hauge

Saksgang	Møtedato	Saknr
1 Utval for formannskap/plan og økonomi	17.03.2016	22/16
2 Kommunestyret	14.04.2016	11/16

Kommunereforma - godkjenning av intensjonsavtalar og innbyggjarhøyring

Utval for formannskap/plan og økonomi har behandlet saken i møte 17.03.2016 sak 22/16

Møtebehandling

FPL kom med slikt endringsframlegg:

Røystespørsmåla vert endra dersom ein kjem fram til ein intensjonsavtale med Granvin herad.

Tal og lokalisering av røystelokale vert å kome attende til i kommunestyret 14 april.

Saksordførar: Jorunn Ytrefjord

Votering

Administrasjonen si innstilling med FPL sitt endringsframlegg vart samrøystes tilrådd.

Vedtak

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

1. Intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Aurland, Vik og Voss til Voss kommune blir godkjent.
2. For å høyra innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Voss kommune gjennomføra innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting 23. mai 2016. Folkerøystinga er rådgjevande i samsvar med kommunelova §39b.

Til valstyre blir valt: Formannskapet

- 16 og 17 åringar får røysterett ved folkerøystinga.
- Skjæringsdato for manntalet blir sett til 1.3.2016.
- Folkerøystinga blir gjennomført - Tal og lokalisering av røystelokale vert å kome attende til i kommunestyret 14 april

- Val av røystestyre og andre praktiske gjeremål i høve til gjennomføring av folkerøystinga blir delegert til valstyret.

Det skal røystast over fylgjande spørsmål:

- A. JA Voss kommune slår seg saman med ein eller begge kommunane Aurland og Vik.
Røystespørsmålet vert endra dersom ein kjem fram til ein intensjonsavtale med Granvin herad.
- B. NEI Voss kommune slår seg ikkje saman med ein eller fleire kommunar.

Saksordførar: Jorunn Ytrefjord

Kommunestyret har behandlet saken i møte 14.04.2016 sak 11/16

Møtebehandling

Repr. Jorunn Ytrefjord la fram saka på vegne av utval for formannskap/plan og økonomi.

Repr. B. Djukastein kom med slikt endringsframlegg til pkt. 2:

- For å høyra innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Voss kommune gjennomføra innbyggjarhøyring i form av opinionsundersøking innan [23. mai 2016](#). Innbyggjarhøyringa er rådgjevande i samsvar med kommunelova § 39.
- Resultatet av undersøkinga vert gjort offentleg kjent [23. mai](#) etter røystelokala i dei andre kommunane er stengt.
- Dei som er fødd 31.12.2000 eller før skal takast med i høyringa.
- Undersøkinga skal omfatte eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen.
- Spørreundersøkingalternativ: Under føresetnad av at ein eller fleire av kommunane Granvin, Vik eller Aurland gjer vedtak om å slå seg saman med Voss, skal Voss kommune slå seg saman med den/dei respektive kommunen?
 - o JA Voss kommune slår seg saman med ein eller fleire av kommunane Granvin, Vik eller Aurland
 - o NEI Voss kommune slår seg ikkje saman med ein eller fleire kommunar
- Det skal informerast breidt og godt ut til innbyggjarane om undersøkinga
- Rådmannen får fullmakt til å avgjere spørsmål knytt til undersøkinga

Votering

Framlegget frå repr. B. Djukastein pkt.2 vart vedteke med 29 røyster mot 14 røyster for tilrådinga frå utval for formannskap/plan og økonomi pkt. 2.
Tilrådinga frå utval for formannskap/plan og økonomi pkt. 1 vart vedteken med 40 mot 3 røyster.

Vedtak

1. Intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Aurland, Vik, Granvin og Voss til Voss kommune blir godkjent.
2. - For å høyra innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Voss kommune gjennomføra innbyggjarhøyring i form av opinionsundersøking

innan [23. mai 2016](#). Innbyggjarhøyringa er rådgevande i samsvar med kommunelova § 39.

- Resultatet av undersøkinga vert gjort offentleg kjent [23. mai](#) etter røystelokala i dei andre kommunane er stengt.
- Dei som er fødd 31.12.2000 eller før skal takast med i høyringa.
- Undersøkinga skal omfatte eit representativt utval av innbyggjarane i kommunen.
- Spørreundersøkingalternativ: Under føresetnad av at ein eller fleire av kommunane Granvin, Vik eller Aurland gjer vedtak om å slå seg saman med Voss, skal Voss kommune slå seg saman med den/dei respektive kommunen?
 - o JA Voss kommune slår seg saman med ein eller fleire av kommunane Granvin, Vik eller Aurland
 - o NEI Voss kommune slår seg ikkje saman med ein eller fleire kommunar
- Det skal informerast breidt og godt ut til innbyggjarane om undersøkinga
- Rådmannen får fullmakt til å avgjere spørsmål knytt til undersøkinga

Rådmannen si tilråding:

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

1. Intensjonsavtale for samanslåing av kommunane Aurland, Vik og Voss til Voss kommune blir godkjent.
2. For å høyra innbyggjarane si meining i spørsmålet om kommunesamanslåing skal Voss kommune gjennomføra innbyggjarhøyring i form av rådgevande folkerøysting 23. mai 2016. Folkerøystinga er rådgevande i samsvar med kommunelova §39b.

Til valstyre blir valt: Formannskapet

- 16 og 17 åringar får røysterett ved folkerøystinga.
- Skjæringsdato for manntalet blir sett til 1.3.2016.
- Folkerøystinga blir gjennomført i røystelokale til Vangen valkrets
- Val av røystestyre og andre praktiske gjeremål i høve til gjennomføring av folkerøystinga blir delegert til valstyret.

Det skal røystast over fylgjande spørsmål:

- A. JA Voss kommune slår seg saman med ein eller begge kommunane Aurland og Vik.
- B. NEI Voss kommune slår seg ikkje saman med ein eller fleire kommunar.

Vedlegg

Dokument dato Tittel

01.03.2016 Intensjonsavtale - samanslåing av kommunane

Aurland , Vik og Voss til Voss kommune

01.03.2016 Brev frå Fagforbundet , NSF, DELTA,

Utdanningsforbundet i Aurland

2015- TF rapport 370, Telemarskforsking- Konsekvensar av samanslåing Voss, Vik og Aurland,

Kort samandrag

Formannskapet hadde fellesmøte med formannskapa i Aurland og Vik 30.04.2015. Det er seinare gjennomført forhandling om intensjonsavtale for ny kommunestruktur. Det føreligg ein framforhandla avtale for kommunane Aurland, Vik og Voss. Avalen er inngått med atterhald om godkjenning i kommunestyra. I tillegg til å handsama intensjonsavtalen omhandlar saka også å ta endeleg standpunkt til om det skal gjennomførast innbyggjarhøyring.

Rådmannen tilrår at den framforhandla avtalen blir godkjend. Rådmannen syner til at i saksutgreiinga frå Vik kommune er det basert på politiske signal, tilrådd at det blir gjennomført innbyggjarhøyring i form av rådgjevande folkerøysting. Tidspunkt for ei evt. folkerøystinga må tilpassast dei andre kommunane, og det er allereie gjort avtale om at evt. folkerøysting skal gjennomførast den 23.5.2016.

Kommunestyret gjer endeleg vedtak i saka.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Kommunelova
Rapportar frå Telemarksforsking
Div. dok. frå KMD om kommunereforma

Saksopplysningar

Stortinget har gitt si tilslutning til regjeringa sitt forslag om at det skal gjennomførast ei kommunereform. Målet med reforma er å sikra gode og likeverdige tenester til innbyggjarane:

- heilskaplege og samordna samfunnsutvikling
- bærekraftige og robuste kommunar
- styrka lokaldemokrati

Kommunane må innan 1. juli 2016 ha gjort endeleg vedtak i høve framtidig kommunestruktur.

Formannskapet drøfta framtidig kommunestruktur i møte 28.5.2015 i sak 65/15 Mandat om utgreiing av kommunestruktur Aurland Vik og Voss. Telemarksforsking leverte hausten 2015 rapport om konsekvensane av samanslåing av kommunane , Aurland, Vik og Voss. Dei presenterte rapporten for formannskapa i kommunane i eit fellesmøte 25. januar 2016.

I presentasjonen står det i samla vurdering:

- *Det samla inntrykket er at kommunane har mykje felles, og at dette er eit alternativ som det er aktuelt å gå vidare med*
- *Ei samanslåing kan gje ein ressurssterk kommune med nye og spanande utviklingsmulegheiter både knytt til samfunnsutvikling og tenesteproduksjon*
- *Korleis ein vel å handtere de mulegheiter og utfordringar ei kommunesamanslåing kan gi, vil vera avhengig av politiske prioriteringar*

- *Gjennom ei intensjonsavtale er det såleis viktig for å tydeleggjera frå politisk hald kvifor ein ynskjer samanslåing og kva ein kva ein konkret ynskjer å oppnå*

Kommunane har hatt fleire sonderingsmøte, og ein kom til semje om intensjonsavtale i første forhandlingsmøte som vart gjennomført den 22.2.2016. Forhandlingsutvalet har vore samansett av ordførar Hans Erik Ringkjøb (Ap), varaordførar Sigbjørn Hauge (Sp) og Iril Schau Johansen (H). I tillegg har ein tillitsvald med talerett vore med (Ole Martin Vevatne/ Delta). Rådmannen deltok i forhandlingane som sekretær for forhandlingsutvalet.

Saka handlar om å ta stilling til om ein vil godkjenna intensjonsavtalen og ha denne som grunnlag for det vidare arbeidet fram mot endeleg vedtak sommaren 2016 (seinast 1.7.16).

Dersom avtalen blir godkjend, er det lagt opp til at ein skal arbeida vidare med saka på m.a. denne måten:

- Informasjon til innbyggjarane, både gjennom informasjon på heimesida, div. informasjonsmateriell og informasjonsmøte. Rådmennene har avtala møte straks over påske for å førebu informasjon med utgangspunkt i modell for alternativet Vik, Sogndal, Balestrand og Leikanger (jfr, vedlagte notat frå KS konsulent)
- Eventuell innbyggjarhøyring.
- Kommunestyret i kvar kommune må gjera endeleg vedtak om kommunestruktur innan 1.7.2016.

Intensjonsavtalen fylgjer saka som vedlegg.

Økonomiske konsekvensar

Kvar kommune får kr 100 000 i støtte til å gjennomføra innbyggjarhøyringar. Midlane skal dekkja utgifter knytt til informasjon til innbyggjarane, folkemøte, innbyggjarundersøking m.v.

Dei økonomiske konsekvensane av samanslåing blir ikkje greidd ut her.

Vurdering

Intensjonsavtalen

Arbeidet med intensjonsavtalen har vore ei positiv erfaring der prosessen har vore prega av god tone og konstruktiv vilje til å finna løysingar.

Etter rådmannen si vurdering gjev rapporten og intensjonsavtalen eit godt grunnlag for dei avgjerder politisk nivå no skal ta.

I denne omgang handeler saka om å godkjenna eller forkasta den framforhandla intensjonsavtalen.

Innbyggjarhøyring

Kommunane må innan 01.07.2016 ha gjort endeleg vedtak i høve framtidig kommunestruktur.

I §10 om innbyggjarhøyring i lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (Inndelingslova) går det fram at «Kommunestyret bør innhenta innbyggjarane sine synspunkt på forslag til grenseendring. Høyringa kan skje ved folkerøysting, opinionsundersøking,

spørjeundersøking, møte eller på annan måte».

Det må no takast endeleg stilling til korleis innbyggjarane sine synspunkt skal hentast inn, særskilt om dette skal skje gjennom ei rådgevande folkerøysting.

Ordlyden i § 10 i inndelingslova, jfr. ovanfor, tilseier at, juridisk sett, blir ikkje kommunestyra pålagt å gjennomføre innbyggjarhøyring, men oppmoda om det. Vidare går det fram at kommunane står fritt til å velja høyringsform dersom dei vel å gjennomføra høyring. Ulike høyringsformer har sine fordelar og ulemper alt etter om den skal:

- Bringa fram representativ informasjon
- Gi grunnlag for dialog
- Gi kunnskap og innsikt om konsekvensar
- Gi politikarane best mogleg grunnlag for å ta ei sjølvstendig avgjerd.

I forarbeidet til Inndelingslova konkluderer departementet slik:

«Departementet finn ikkje grunn til å tilrå folkerøysting som høyringsform framfor andre metodar. Folkerøysting er ein høvesvis dyr metode. I tillegg kjem at kostnadene ikkje alltid står i forhold til det ein oppnår. Låg valdeltaking kan t.d. gjera det vanskeleg å tolka resultatet som uttrykk for folkeviljen».

Uansett korleis kommunestyret vel å høyra innbyggjarane, er det kommunestyret som til sist må ta den endelege avgjerda i saka om kommunesamanslåing. Folkerøysting vil til liks med dei andre høyringsformene vere rådgevande, jfr. kommunelova § 39b. Dette inneber at kommunestyret må tolka resultat frå innbyggjarhøyring eller folkerøysting i høve mellom anna følgjande moment:

- Kva spørsmål som er stilt
- Korleis svarprosenten er
- Vurdera resultatet i ein større samanheng opp mot resultata i dei andre kommunane
- Vurdera signal frå sentrale styresmakter
- Andre utgreiingar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har på vegne av kommunane i landet inngått rammeavtale med Opinion as om gjennomføring av innbyggjarundersøkingar knytt til kommunereformarbeidet.

Rådmannen er i tvil om kva metode som er best i høve til å høyra innbyggjarane i Voss kommune i saka om evt. kommunesamanslåing. Basert på at dei to andre kommunane legger opp til folkerøysting kan det være naturleg å tilrå det same. Resultatet av folkerøystinga skal vera rådgevande, og den reelle avgjerda må takast av kommunestyret.

I Vik kommune legg dei opp til at også 16 og 17 åringar får røysterett i evt. folkerøysting.

Dersom det blir gjennomført folkerøysting, må dette samordnast med dei andre kommunane. Vik har også framforhandla intensjonsavtale for eit anna alternativ, Sogn kommune (Balestrand, Leikanger, Vik og Sogndal). Desse kommunane har avtala dato for ei evt. folkerøysting til 23.5.2016. Det er difor naturleg at ei evt. folkerøysting for alternativet Aurland, Vik og Voss også blir gjennomført same dato.

Fram til tidspunkt for folkerøystinga må det gjennomførast eit omfattande informasjonsarbeid. Dette arbeidet må gjennomførast i samarbeid med dei andre kommunane.

Når det gjeld gjennomføring av folkerøystinga vil rådmannen peika på fylgjande:

Både i høve info i valforum og kommunelova med kommentarar er det tilrådd at ein følgjer reglar og prosedyrar gitt i vallova. Det betyr at valstyret skal veljast i høve vallova §4-1 og kommunelova. I valhandboka står det:

I henhold til valgloven § 4-1 skal det i hver kommune være et valgstyre som velges av kommunestyret selv. Kommunestyret må foreta et valg. Kommunene kan ikke legge til grunn at tidligere ordning med formannskapet som valgstyre videreføres. I uttrykket "kommunestyret selv" ligger at myndigheten til å velge valgstyre ikke kan delegeres.

Valgstyret er et fast utvalg i kommunelovens forstand, og kommunelovens regler om valg av nemnder kommer til anvendelse. Dette innebærer at valgbarhetsreglene i kommuneloven § 14 gjelder, og man må på se at kravene til kjønnsmessig representasjon i kommuneloven §§ 36, 37 og 38a oppfylles. Kommunestyret kan for eksempel ikke velge medlemmene av formannskapet som valgstyre dersom dette medfører at kommunelovens krav til kjønnsmessig sammensetning ikke blir oppfylt. Kommunestyret selv velger valgstyrets leder og nestleder, jf. kommuneloven § 10 nr. 3. Valgstyret har ansvaret for å forberede og gjennomføre valget på kommunalt nivå .

Med utgangspunkt i det som er halde fram ovanfor, fremjar rådmannen tilråding i høve til desse punkta:

- Val av nytt valstyre
- Røsterett for 16- og 17-åringar
- Skjæringsdato for manntalet pr 01.03.16.
- Av økonomiske omsyn vert folkeavrøystinga gjennomført på røstelokale til Vangen valkrets
- Val av røystestyre og andre praktisk forhold knytt til gjennomføringa av valet blir delegert til valstyret



Presentasjon
Aurland Voss Vik.pdf



Rapport_Konsekvensar av samanslåing a



Brev frå
Fagforbundet , NSF,



Intensjonsavtale -
samanslåing av komm



**Sogn-kommunereform
orna - notat om info**



**Intensjonsavtale
Granvin og Voss 06/16**



**Notat til KST 140416
informasjon og prosedyre**



**Estimert budsjett
folkerøysting 230516**

**RETT UTSKRIFT
DATO 15.april.2016**